



Kunnskapsdepartementet

Tidl. Utdannings- og forskingsdepartementet
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

31.01.2006

HØYRINGSFRÅSEGN

"Forslag til endringer i friskoleloven (oppheving av adgangen til godkjenning av friskoler)" m.v.

Ein viser til høyringsnotat og høyringsbrev frå UFD, dagsett 16.12.2005

Departementet varslar her at dei har sett i gang arbeid for å snu trenden frå vokster i friskulane - til samling av midlane i offentleg grunnskule. Eit omfattande framlegg om endring i friskulelova kjem på høyring hausten 2006. Det vil hovudsak til å byggje på den tidlegare privatskulelova.

Høyringa no gjeld nokre mellombels lovbrigde – for å kunne stogge auken i friskular.

Landslaget for nærmiljøskulen (LUF S) helsar framlegget frå departementet velkome.

Framvokteren av friskular er etter vårt syn i ferd med undergrave dei verdiar og mål som har lagt i botnen for norsk grunnskule gjennom vel hundre år. Folkestyret er tufta på ein offentleg, gratis skule – knutepunktet der alle må møtast.

Dei færraste lokalsamfunn i Distrikts-Noreg har elevgrunnlag til to grunnskular. Etablering av ein friskule vil derfor ikkje føre med seg noko reelt skuleval her. Fylgjen vert i praksis ei rein omfordeling av samfunnsmidlar – frå offentleg til privat drift – no med pålagd foreldrebetaling for det einaste skuletilbodet dei framleis får.

LUF S sluttar seg derfor til dei overordna tankane som kjem fram i høyringsnotatet – saman med dei konkrete framlegga til mellombels lovendringar.

Likevel vil vi åtvare mot å kritikklaust reversere den skulepolitiske tenkinga. Røynslene med Nytt inntektssystem frå 1986 og Friskulelova av 2003, bør gje viktige peikepinnar når ein skal stake ut kursen framover.

Endå om LUF S er ein etter måten liten organisasjon, meiner vi å ha ei brei kontaktflate

LUF S - Landslaget for nærmiljøskulen

Org.nr. 881 203 812

Rådgjevar Torodd Fagerheim 6963 Dale i Sunnfjord

Telefon :57 73 68 16 Telefaks :57 73 61 74

torodd.fagerheim@lufs.no

med born, foreldre og lokalsamfunn – særleg i Distrikts-Noreg. Folk flest ynskjer helst ein offentleg skule. Derfor fører so mange lokalsamfunn årelang strid mot eigen kommune for å få halde på skule i nærmiljøet. Alle veit kva som står på spel. I regelen grip folk til friskuletanken berre som siste utveg. Dei kjenner seg pressa ut or offentleg skule.

Høyringsnotatet viser at departementet ikkje ynskjer å ta frå foreldre og lokalsamfunn denne utvegen. Døra vert halden på glytt for å kunne godkjenne grendeskular som ynskjer å drive etter den offentlege læreplanen. Det er bra.

Men dette standpunktet må ikkje bli ei sovepute – heller ein tankevekkjar:

For retten til skule i nærmiljøet har vorte ein floskel for stadig fleire elevar i grunnskulen. Det har sin pris for einskildeleven, heimen, lokalsamfunnet – men ogso nasjonen.

Nærleik og tryggleik er avgjerande verdiar i oppveksten. Det er ein føresetnad for god fagleg og sosial læring

Born som blir fråtekne nærskulen, misser grunnmuren i læringa. Dei får dessutan

- lengre arbeidsdag
- redusert læringsutbyte
- lite opplæring i lokalsamfunnet
- dårlegare fysisk og psykisk helse
- mindre fritid
- skrantande samarbeid heim-skule

Slik undergrev sentraliseringa mange av dei kvalitetsmåla Stortinget har vedteke.

Sidan 1986 er det lagt ned

- 750 nærmiljø-skular
- klassar ved hundretals andre skular

Utviklinga er uforsvarleg – både pedagogisk, økonomisk og av samfunnsomsyn.

- staten betalar no storparten av skuleskyssen. Milliardar går slik til å subsidiere skulenedlegging indirekte
- pengane kunne ha finansiert minst ein ny skule i kvar einaste kommune
- kommunestyra trur – ofte feilaktig - at strukturendring gjev innsparingar
- sakene vert oftast handsama lovstridig

Skule i nærmiljøet er avgjerande for

- gode oppvekstvilkår
- framtidstru og busetnad

Barnefamiliar og næringsliv etablerer seg ikkje i lokalsamfunn utan skule. Fylgjen kan såleis bli stagnasjon og avfolking.

Departementet må no våge å ta opp desse for nasjonen so viktige spørsmåla i full breidde.

- Det er uverdig at nokre elevar kan gå eller sykle til skulen, medan dei andre stader får timelange arbeidsreiser for å få grunnskuleopplæring.
- Nokre lokalsamfunn opplever aldri at skulen er trua. Dei får ro og fred til å utvikle gode oppvekstvilkår kring skulen sin. Andre får aldri fred.

- Meir enn 100 lokalsamfunn brukar kvart år all kraft i strid for ein lovfest rett.
- 40 av dei tapar.

Mange opplever dei stadig tilbakevendande strukturdebattane som terror mot eigne innbyggjarar.

Ikkje alle kommunar gjer det av pengemangel. Born og unge er ofte prioriterte lågt. Politiske vindar bles ulikt frå kommune til kommune. Reknestykka som dei folkevalde får sjå – lir ofte av viktige manglar. LUFS registrerer at store kostnader ikkje kjem fram – eller må berast av andre. Men dei må betalast.

Ved to høyringsfråsegner – 27.08.2002 og 03.03.2003 – har LUFS hevda at friskulelova er ei udemokratisk lov, sjølv ho er vedteken av eit fleirtal i Stortinget. Dette fordi lova gjev særrettar til friskulane som dei offentlege skulane ikkje har:

Friskulane er sikra

- godkjenning frå staten (ikkje tidsavgrensa)
- faste økonomiske rammer – hovudsakleg finansiert gjennom trekk i kommunen sitt rammetilskot
- løyve til å ta inn foreldrebetaling (elevpengar) i tillegg

Dei offentlege skulane har ikkje noko slikt lov-vern, snarare tvert om. Dei er no

- prisgjevne å måtte dele det som er att til skule på kommunebudsjettet
- kanskje nøyddde til å slåst for eige "liv" ved kvar einaste budsjettdebatt
- bundne av "gratisprinsippet" - og får ikkje ta inn foreldrebetaling

Og her er vi truleg ved kjernen i saka. Det som er føreseieleg - mot det som ikkje er råd å kalkulere med. Det trygge – mot det utrygge.

Skal departementet kome eit steg vidare – må ein gjere noko med slike grunnleggjande spørsmål. Ein kan ikkje berre ta bort det som er plagsamt utfordrande – ein må samstundes ta inn over seg at friskulelova hadde element som la grunnlag for å skape trygge og føreseielege tilhøve i dei skulane som fekk løyve.

Departementet må våge å gjere det labile i dagens grunnskule om til det stabile.

Det viktigaste er å sikre alle skular føreseieleg sin økonomi. Før 1986 garanterte staten driftsmidlar til alle skular over 6 elevar . Derfor hadde kommunane ingenting å vinne med nedlegging.

Staten har fram til i dag vore villig til å sikre friskulane både pårekneleg økonomi og driftløyve utan åremål. Er det mogeleg at staten kan ta ei slik rolle i dag, når det gjeld heile den offentlege grunnskulen?

Kommunane kan i dag leggje ned skular – som inneber samfunnsøkonomisk tap. Fordi dei slepp betale hovuddelen av skysskostnadane. Korleis vil departementet sikre at alle kostnader i framtida vert teke med i vurderingane?

I dei fleste kommunar er den skulefaglege kompetansen sterkt svekka. Forvaltinga ber merke av det. Ved strukturendringar fylgjer ein unntaksvis gjeldande regelverk. Langt verre er det at kontroll og tilsynsapparatet sviktar. Klagesaker er handsama svært

vilkårleg landet over. Departementet må syte for at born, foreldre og lokalsamfunn får lik rettstrygd i desse sakene.

Konklusjon:

LUFS støttar i hovudsak innhaldet i høyringsfråsegna.

Vi oppmodar departementet om ikkje berre å reversere friskulelova, men arbeide vidare med dei grunnleggjande spørsmåla nemnde ovanfor – i freistnad på å for som bør sikre alle born, foreldre og lokalsamfunn like og føreseielege læringsvilkår og rettar. På det mest sentrale samfunnsområdet av alle: Framtidas menneskelege kapital. Distrikta si overlevingsevne. Nasjonen si framtid.

Med helsing

Svein Barmen
- nestleiar -

Gunnar Skjølberg
- rådgjevar -

Torodd Fagerheim
- rådgjevar -